

Til

Kunnskapsdepartementet  
Postboks 8119 Dep  
0032 Oslo

## **Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk for livslang læring (NKR) – uttale frå Høgskulen i Sogn og Fjordane**

### **I. Generelle merknader**

Høgskulen i Sogn og Fjordane stør arbeidet med å utforme eit nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk som omfattar det samla norske utdanningssystemet frå grunnskule til og med doktorgrad. Gjennom arbeidet vert norsk utdanning knytt opp til det europeiske kvalifikasjonsrammeverket (EQF) og kvalifikasjonsrammeverket for høgre utdanning.

Kvalifikasjonsrammeverket vil gjere det enklare å forstå og innplassere kompetanse som ein person har oppnådd gjennom formell utdanning på ulike nivå. Høgskulen stør og opp under målet om at kvalifikasjonsrammeverket på sikt vert utvikla for å synleggjere verdien av livslang læring av meir uformell karakter. Eit fullt utbygd norsk kvalifikasjonsrammeverk for livslang læring (NKR) vil og verte verdifullt for personar som ønskjer å få vurdert sin samla realkompetanse.

Høgskulen har gjennom å utarbeide læringsutbyte for eigne studieprogram erfart at dette er ein meningsfull og krevjande måte å beskrive resultatet av læringsarbeidet gjennom studiet. Læringsutbyte skal beskrive det ein kandidat veit, kan og er i stand til å gjere etter fullført studium. Det er ei utfordring å få til naturleg progresjon og samanheng i kvart studieprogram og tydelege skilje mellom dei ulike utdanningsnivåa.

### **II. NKR-dokumentet**

#### **1. Tal nivå og prinsipp for innplassering**

Høgskulen meiner det er fornuftig at kvalifikasjonsrammeverket byggjer på den norske utdanningsstrukturen. Samstundes er det viktig at kvalifikasjonar på ulike nivå vert knytt opp til EU sitt europeiske kvalifikasjonsrammeverk for livslang læring (EQF) og det europeiske kvalifikasjonsrammeverket for høgre utdanning, utvikla som følgje av Bologna-prosessen. Dei tre nivåa som omfattar høgre utdanning er alt på plass i det norske kvalifikasjonsrammeverket for høgre utdanning.

Høgskulen stør prinsippet om å nytte læringsutbyte og ikkje utdanningslengde som grunnlag for nivåplassering. Utdanningar kan vere av ulik lengd, og samstundes føre fram til kvalifikasjonar på same

nivå. Høgskulen sluttar seg til framlegg om i alt sju nivå for det norske kvalifikasjonsrammeverket, og prinsippa for innplassering av utdanningar på dei ulike nivå. Når det gjeld 4. nivå, fagskuleutdanning, ser høgskulen at det kan vere grunnar for skilje mellom læringsutbyte avhenging av kva type fagskule kandidaten har avslutta. Fagskulane representerer utdanningar med stor variasjon i omfang og nivå.

Forslaget om å innplassere høgskulekandidat i nivå 5, meiner høgskulen er tilstrekkeleg grunnleggjend gjennom føringane i Bologna-prosessen og vedtak av det europeiske rammeverket for høgre utdanning. Utdanninga vert gitt på bachelornivå, men fører ikkje fram til ein full grad. Høgskulekandidat vert forstått som eit delnivå innanfor bachelorgraden.

Innan høgre utdanning er det behov for innplassering av ulike vidareutdanningar i kvalifikasjonsrammeverket.

## 2. Innplassering av delkvalifikasjonar

Høgskulen ser at det kan vere interessant å innplassere påbegynte kvalifikasjonar i kvalifikasjonsrammeverket slik det vert gjort i nokre andre land. Det kan vere nyttig for ein person å kunne synleggjere kva han har av kompetanse på eit nytt nivå, sjølv om det ikkje ein fullført kvalifikasjon. Det er ikkje foreslått formell innplassering av delkvalifikasjonar i det norske kvalifikasjonsrammeverket. Høgskulen er einig i at det førebels ikkje fins grunnlag for dette, men meiner at departementet bør vurdere å følgje opp dette arbeidet.

Når det gjeld høgre utdanning gir systemet med studiepoeng eit grunnlag for å summere og gruppere fullførte emne i eit bachelor- eller masterløp. Høgskulen vil minne om at det ikkje nødvendigvis er slik at det er mogleg å legge saman delkompetansar i form av tal studiepoeng og slik skaffe seg ein fullført grad. Men avlagde studiepoeng kan vere med å seie noko om omfang og læringsutbyte som del av ein kvalifikasjon.

## 3. Grunnkompetanse

Høgskulen ser at det kan vere gode argument for å legge til rette for omtale av eit nivå mellom fullført grunnskule og fullført vidaregåande opplæring. Vi har merka oss at omgrepet "grunnkompetanse" erstattar det som tidlegare vart kalla "kompetanse på lægre nivå". Det er mange som ikkje fullfører vidaregåande opplæring, men som tek delar av opplæringa på nivå over grunnskulenivå. Å utarbeide eit felles læringsutbyte for desse synest krevjande, då spennet i nivå på kvalifikasjonane kan verte stort. Vi reknar med at dette spørsmålet vert meir inngående vurdert av andre høyringsinstansar. For høgskulen er det aktuelt å vurdere denne typen kvalifikasjonar som del av inntaksgrunnlaget for søkjarar som ber om realkompetansevurdering.

## III. Omtale av læringsutbyte - og nivå

### 4. Progresjon og samanheng mellom nivåomtalane

Høgskulen har ingen kommentarar til framlegg til læringsutbyteomtaler for 1. og 2. nivå.

Etter høgskulen si vurdering vil kandidatar som har dei kvalifikasjonane som er omtalt i læringsutbyte for nivå 3 og 4 vere godt kvalifiserte for å ta til på høgre utdanning. Vår oppfatning er at læringsutbyttet ligg på eit nivå som minst tilsvarar det nivået noverande studentar frå vidaregåande opplæring har.

Overgangen frå nivå 3 og 4 til nivå 5, bachelor synest å vere godt ivaretatt.

Vår dato  
15.04.2011Vår referanse  
2011/125 - 2167/2011

Høgskulen er einig i at det ved nokre høve er foreslått samanfallande læringsutbyte for kandidatar med fagskuleutdanning og bachelorutdanning, til dømes følgjande formulering for nivå 4, fagskole 2: "kan reflektere over egen faglig utøvelse og justere denne under veiledning" – dette utbytet er det same på bachelor. Det er det faglege nivået som vil vere annleis og det kjem fram i læringsutbyta om kunnskap.

#### **5. Fullført og bestått videregående opplæring – ett eller to sett av læringsutbyttebeskrivelser**

Høgskulen stør framlegget om parallelle læringsutbyteomtalar på nivå 3 med separat læringsutbyte for studieførebuande og yrkesretta utdanningar. Høgskulen foreslår at læringsutbyte for 3 a og 3b bør synleggjere kandidatane sin informasjonskompetanse noko tydelegare. Under ferdigheiter er det formuleringar knytt til teknologi og bruk av digitale verktøy, men høgskulen foreslår å nytte ei formulering som sikrar at kandidatane kan finne informasjon og kan vurdere og vise til kjelder.

#### **6. Fagskolenivået**

Høgskulen meiner det kan vere nyttig med to nivå for å omtale læringsutbyte frå fagskuleutdanningane. Tydelege og presise læringsutbyteomtalar vil kunne vere til stor hjelp ved vurdering av innpassing og eventuell avkorting av høgre utdanning på grunnlag av fagskuleutdanning.

Med helsing



Åse Løkeland  
Rektor



Kari Thorsen  
Seniorrådgjevar